

## Asfaltering på Øvre Musland og i Myro.

14.07.2016



Arbeidarane frå NCC i ferd med å avslutta arbeidet på Musland.

Etter at asfalteringsarbeidet på Børnes var avslutta i går, viste det seg at det var rom for litt meir asfalteringsarbeid i Uskedalen innanfor det oppsette budsjettet. Dermed vert det no lagt dekke på to kortare vegparsellar i tillegg. Det er på Øvre Musland og i Myro.



[Det skal og koma nytt dekke på denne vegstubben opp til Myro.](#)

Då eg snakka med arbeidarane frå NCC som utfører arbeidet, var dei akkurat i ferd med å avslutta arbeidet øvst i dalen. Dei kunne fortelja at dei hadde lagt ny asfalt på den svært slitne strekninga frå Øvre Musland og til toppen ved Storhaug. Dei var då klar til å forflytta seg ned til sentrum. Der var det klargjort for asfaltering på vegen opp forbi Kvinnherad Vekstbedrift AS og opp mot bustadfeltet i Myro.

- Eg er godt fornøgd med dette løftet vi har fått ut av tildelte budsjettammer, sa Øyvind Hardeland i Kvinnherad kommune då eg snakka med han.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland